


No livnar det i lundar.....

03.05.2017



Kalvar i sitt første møte med sol og grønt gras.

Den herlege våren er her, og vårteikna strøymer på. Liene grønkast, og stille, sure dagar er forvandla til livfulle dagar der både folk og fe utstråler fryd og glede. Vi har meldt om vakre blomsterkledde skråningar i finaste vårskrud, om koselege lam og kje på vårbete, og i går melde vi om vårdugnad medan skulemusikken sette oss i ekstra vårstemning med si første marsjøving. I dag har har vi motteke koselege bilete med stemningsrapport frå kalvepassar Svanhill.

**Kvige nyt våren!**

Svanhill Haugland melder om kalvaslepp med kalvar som først er livredde for det nye; - sol og grønt gras. Etter ei kjapp tilvenning og utprøving, kastar dei seg ut i sprett og dans.

- Det er alltid kjekt når dei får koma ut, og no har dei heile sommaren framfor seg på det flottaste beitet dei kan tenkja seg, på Bråtet hos Nils Raudstein, fortel kalvepassar Svanhill.

Også kvigene og alle sauene med lam er no ute og nyt våren. Det kan ikkje vera tvil om at det er finare ute enn inne no!



Sauene og lamma er ute på vårbeite.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Svanhill Haugland.